



Birte Nybakk song betagande vakkert

**Sokneprest Kristian Due vart ein gong spurt av ein konfirmant kvifor vi syng så mykje i kyrkja. Svaret var at vi kan få sagt så mykje meir på den måten enn med mange ord. Musikken set toner til kjenslene våre og melodiane til tanken og gjev på på ein måte ein eigen farge til livet vårt.**

**Dette gav soknepresten uttrykk for i andakten under den tradisjonelle og tradisjonsrike julekonserten i kyrkja ikveld. Den låg på eit høgt nivå og bekrefta i høg grad orda til presten - frå Birte Nybakks klokkeklåre røyst til Røysterett for alles betagande tolking av Det hev ei rosa sprunge**

[Bach og Händel er vakkert også på trekkspel](#)

Birte med akkompagnement av læraren sin, Maria Malmsten, song Soonjas Sang og Oh holy night og bekrefta at ho er eit stort talent. Programmet til koret var allsidig og utvikla ein god del frå det tradisjonelle. Det var til dømes grunn til å settja to strekar under den nederlandske julesongen som Svein Rimestad hadde omsett til norsk. Lusinatti lange hadde fått arrangement av dirigenten og Tre kongar frå Bolivia med trekkspelakkompagnement av Haldor Tveit er det alltid ein fest å høyra. Og apropos trekkspel: Hvis du hadde gløymt kor vakkert Bach og Händel let også på dette instrumentet burde du ha opplevd trekkspelklubben i kveld.

Skulemusikken var sjølvstøtt og viste at det har lagt nye alen til sin musikalske vekst under Tor Skeie Olsen sin taktstokk.

Musikklaget spela julesongar medan folk kom og nesten fylte kyrkja, Det var nok fleire enn 150 der og dei hadde ei stor oppleving eller som presten sa det: - Det eg likar aller best med jula og førjulstida er all julemusikken. Den og songane har høyrt saman heilt sidan englane song den aller første julaften.

Og til heilheitsinntrykket høyrd i høg grad også spelet til organist Lars Erik Tjeldflåt og salmesongen han akkompagnerte.

14.11.2020

Uskedal Utvikling

Skulekorpset har fin framgang

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Lars Erik Tjeldflåt sat ved orgelet  
Røysterett for alle hadde eit fornya juleprogram